



Storhjort i Uskedalen fotografert av Ståle Eik.

**- Hjortestamma i Norges største hjortekommune Kvinnherad har vorte for stor og situasjonen må no takast alvorleg!
 Dette var ei samrøystes meining då forvaltningskomiteen onsdag handsama klaga frå Haugland hjortevald i Uskedalen over at kvota deira er redusert frå 17 til 14 dyr sjølv om området er sterkt pressa av hjortebeiting.**

Politikarane kunne ikkje gje Haugland medhald fordi kommunen ikkje kan dispensere meir enn 50 prosent frå minstearealet på 600 dekar. Men eit stykke på veg gjekk dei, ved å auka Haugland-kvota frå 14 til 15 dyr. Samstundes påla dei administrasjonen å utarbeida nye forskrifter som er betre tilpassa den aktuelle situasjon. Men å få til ei større justering i år er ikkje mogeleg, for jakta startar om få dagar.

- Eg vil advare mot å sjå bort frå reglane som forvaltningskomiteen sjølv har vedteke. Men innanfor eit storvald kan ein fastsetja sine egne reglar, hvis ein er einige og kan samarbeida, sa verksemdsleiar Tormod Fossheim. Øyvind Hardeland (Ap) hadde hatt ei spesiell oppleving i Uskedalen. Han hadde møtt ein grunneigar som hadde på P3 i radioen for fullt for å få unna hjorten. Synnøve Handeland (V) sa at ein ikkje kunne endra ei sentral forskrift over natta, men i det minste senda eit signal om at føresetnadene for arealfastsettinga er feil når stamma har vorte så stor. Minstearealet må endrast.

Det var Morten Vevatne (V) som gjekk sterkest ut i saka og han kalla situasjonen alvorleg. Han trudde ikkje at overgang til større vald vil løysa problemet sjølv om det er peika på at eit samarbeid mellom fleire vald gjer det mogeleg å fella ein større kvote på dei mest pressa områda.

- Bøtjuvar er nå eit kollossalt problem og hjortevektene viser at stamma er for stor. Ein må i det minste kunne fella skadedyr, sa Vetvatne, som la til at fylkesmannen burde koma på synfaring for å oppleva problemet. Han fann det merkeleg at kvota er redusert når stamma har auka.

- Ta signala frå folket alvorleg, var oppmodinga hans.
Vevatne minna også om dei mange kollisjonane mellom hjort og bil i det siste.

Olav G. Hjelmeland (Sp) var einig i at stamma har vorte for stor og meinte at Hauglandvaldet minst burde få lov til å skyta 17 framleis. Men i denne omgangen kom han med framlegget om auke frå 14 til 15.

Også Hans Berge (U) meinte at det burde vera mogeleg å få fella skadedyr utanom kvoten og Liv Iren Brekke (Frp) streka under at det ikkje må utarta til ulovleg jakt.

Torvald Vetlækre (TS) hadde sett at ein annan kommune hadde eit minsteareal på 150 dekar.

Han meinte at folk måtte få bestemma meir over sin eigen eigedom og ikkje bli straffa hvis dei ikkje var einige med makthavarane.

- Viltforvaltninga har hatt bind for auga temmeleg lenge, hevda han.

Av Ola Matti Mathisen